



Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Teknisk forvaltning

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/1215 - 16/10250

Saksbehandlar:
Kjartan Nyhammer
Kjartan.Nyhammer@radoy.kommune.no

Dato:
15.08.2016

Landbrukssak Gbnr 85/4 - Søknad om bygging av redskapshus - uttale jordlova

Landbrukskontoret skal gje uttale til sak knytta til jordlova. Jordlova har til føremål og verna om dei dyrka og dyrkbare arala.

Det framgår av søknaden at det i dag står restar etter ein eldre bygning på den omsøkte plasseringa av det nye bygget. Den eldre bygningsmassen har ei grunnflate på om lag 10 m². Det omsøkte bygget har ei grunnflate på 70 m². Altså vert det ei utviding på ca 60 m². Det omsøkte arealet er klassifisert som gjødsla beite i NIBIO sitt gardskart. Det aktuelle tomtearealet består av ein del kratt.

Eit reiskapshus er godt å ha, spesielt her på Vestlandet med mykje nedbør som gjer at reiskapane forfell fort. Vidare vil eit reiskapshus ofte gjere tun og kulturlandskap meir ryddig då reiskapar og anna utstyr vert plassert i bygget.

Landbrukssjefen finn at fordelane med oppføring av reiskapshuset er størr enn ulempene med tap av om lag 60 m² beitemark og stiller seg såleis positiv til omdisponeringa.

Vedtak :

Det vert gjeve løyve til omdisponering av inntil 100 m² jordbruksareal for oppføring av det omsøkte reiskapshuset på gbnr 85/4. Vedtaket har heimel i § 9 i jordlova.

Med helsing

Kjartan Nyhammer
Landbrukssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Teknisk forvaltning